Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 | Fylke: Rogaland

~~Tilleggsspørsmålnr.~~ | Herad: Nedstrand.

Emne: Bordskikk til kvardags. | Bygdelag:

Oppskr. av: A. Nusland | Gard:

(adresse): Nuslandsvåg | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eige röynsle og etter råttföring med Abraham Klungtveit, 87 år gammel.

SVAR

Bordskikk til kvardags:

Spörsmaal 1. Det vanlige var å sitja ved bordet og av og til ved skiva til maaltidene.

Spörsmaal 2. Huslyden sat ved same bordet som vanleg med undantak av hjaa „dei betre" der sat husbondsfolket ved eige bord i annor rom, men det var berre paa faa plasser dei hadde det slik. Naa sit alle ved samme bordet til maaltidene med undantak av nokre faa huslydar (embetsfolk).

Sp. 3. Der dei sat ved same bordet aat husbondsfolket og tenarane samstundes. Men sat dei ved kvar sitt bord, saa aat husbondsfolket först.

Sp. 4. Same maten med ganske faa undantak der husbandsf. sat med betre mat.

Sp. 5. Det var berre hjaa „dei betre" ~~at~~ dei inntok maaltidene i stova. Elles var det til dagleg i kjökenet.

Sp. 6. Alltid under högtidene i stova, elles mest vanleg i kjökenet, utanom hjaa „dei betre" der dei sjölve sat til bords i stova og tenarane i kjökenet.

Sp. 7. Husbonden ved högenden av bordet. 5427

Kona var det litt ymist med – alt etter som mannen var i lynlaget til seir Abraham Klungtveit. Kona maatte offe springa ut og inn etter det som trengst og hadde ikkje alltid fast plass ved bordet.
Borna hadde jamnast sine visse plasser naar dei var saa pass store, at dei greidde seg sjølv ved bordet. Naa til dags er det vanleg med visse plassar ved bordet. Mannen ved høgenden og kona ved andre enden. Meir var er unntakk.

Sp. 8. Ja, borna stod ved bordet fraa dei var sjølhjelpte og til kring konfirmasjonsalderen. Deretter fekk dei seg ein skammel å sitja paa. Denne skikken held seg fram=
=over til kring om 1850–60 og kanskje noko lenger ogsaa ymse stader.

Sp. 9. Ja husbondsplassen heiter framleis høgsetet, der dei framleis held på skikken. Høgsetet er den plassen ved enden av bordet, som er lengst fraa inngangsdøra til romet.

Sp. 10. Vanskeleg å svara paa, daa eg ikkje er heilt klaar over spørsmaalet „Maltvne mrettet skiv"

Sp. 11. Det var av og til med å vaska hendene før ein gjekk til bords. Det høyrer den seinare tid til å vera nøgne med det. Kva tid omskiftet kom er ikkje rett godt å fastsetja. Det høyrer med til reinsemda elles, som sume huslydar var ikkje like fyre ute med som andre huslydar. Huva tok alltid mannfolka av seg daa som naa til dags ved bordet.

5427

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 12. Grauten aat dei gamle av same fatet, likeeins supa. Abraham Kningstveit kunde ikkje saa sikkert seia kida dette vart slutt. Men dei hadde ikkje same mjølkekoppen – dei hadde kvar si skaal.
Ja det var vanleg å ha ei tugg graut i skeia og duppa i mjølkekoppen.
Nå til dags bruka sume å drikka av koppen og andre slaar mjølka paa grautaballerkenen.
Abraham kunde ikkje hugsa saa nøye om det først var ved kaffedrikkingi at dei fekk kvar sin kopp. Men han hugsa at det var kring 1860 eller eit par var føre, at sjømannen Gunnar Silgjerd kom heim frå langtur og hadde med seg dei første fine steinkykoppane (av flint eller porselen) til heimebygda.

Sp. 13. Nei dei sette ikkje grytu paa bordet, men husbonden sat oppe med grytu millom knærne å skrape skovene etter at grauten var tømd i eit grovfat eller ei treskaal (stor) ein slag bolle.

Sp. 14. Det var sjeldan eller heilt aldri at dei aat kjøt, flesk, fisk eller sild utan millom flatbrødbetar. Dette flatbrødet vart baka tynt ut i store leivar av havremjøl og steikt paa bakstehelle. Det var til middagsmaten jamnast, dette vart bruka og av og til som kveldsmat. Dei kalla det og laga bete.

Sp. 15. Det var ikkje med bordskikk å gjera å ha sukkerbiten i munnen å drikka kaffe til.

Sp. 16. Til å drikka kaffi av skaalen var god nok bordskikk i eldre tider. Naa drikk ingen

5427

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kaffi av skål – berre av kopp. Til å slaa kaffien paa tefatet, er merke på daarleg folkeskikk.

Sp. 17. Var ikkje faatt tilfest naar gaffelen vart teken i bruk – det gjekk heller lang tid millom dei første og dei siste som tok gaffelen i dagleg bruk. Bra folk var tidleg ute her i samanlikning med dei som kom sist. Her var elles mange som ikkje hadde teke gaffelen i bruk ved hundreårsskiftet. Her er mange som kan hugsa, at det ikkje var gaffel paa bordet.

Sp. 18. Nei bordkniv vart ikkje brukt, utan det var spikekjøt eller spikeflesk. Kvinnfolka brukte bordkniv.

Sp. 19. Ja kvar hadde si ~~skjei~~ skei. Den var merkt med ein bokstav eller ofte med strek (eit eller fleire) Skeiene vart sett opp i hylla etter bruk. Dei var laga av tre oftast selja eller kristtornved. Men spoa av horn naar det var finare. Det var helst husbonden som hadde ei hornskei. Snaa er det slutt med baade treskeier og hornskeier. Abraham Klungtveit visste ikkje om anna enn at skeiene vart vaska etter maaltidene. Det å slikka av hornskeia å setja den opp på veggen hadde han lite og ikkje sett til.

Sp. 20. Med omsyn til porselen saa viser ein til svaret frå Abraham under spørsmaal-12. Ja dei gjekk over frå fellesfat til skaal eller til djupe tallerkar til graut.

Sp. 21. Det var berre „storfolket" som hadde duk paa bordet i farne tider. Snaa er det

5427

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vanleg i kvar manns hus. Kan ikkje saa nøye seia kva tid ein skifte kom. Til vanleg vert borddûken teken av bordet og ein löpar lagt paa um det er dekka i stova. Men paa kjøkenet ligg vaksdûken helst paa ogsaa millom maaltidene.

Sp. 22. Vaksdûk paa kjøkenet — ikkje det saa kvitskûra bord, meir sjeldan at kjøkenbordet er maala.

Sp. 23. Aa det var dä helst slik, at husmora etla ut maten. Dersom ikkje husbonden tok til seg sjölv, saa etla ho til han först og saa nedetter bordet.

Eit ordtøke frå eit hus i Bjellandsbygda: Husbonden sa til drengen: „Kva er det du set der å gaper etter, har du ikkje faatt dine tri sildeskûrar“.

Sp. 24. Det var noksaa vanleg at husmora smurde smör paa skaken til borna, men etling av smör og ost elles, veit ein minstre om; men det vart nok hatde auga med at tenarane ikkje frassa i smöret — gjorde dei det fekk dei tilsnakk. Ogsaa eit ordtøke fraa Bjellandsbygda som syner spar=semda med smöret, — endda det var under eit maaltid der det var framands=folk til bords. Husbonden kunde ikkje dåya seg, daa han tykte framandkarane var drygje nokk i smöret. Han sa: „Det er dyrt smöret naa“. Framandkaren som kjende til gnikeskapen sette i paa ein ekker å sa: „Det kan det gjerne vera det er kje minste got“ og skar drustelege i.

Flatbröd vart ikkje skort etla, men det kunde henda med bröd elles (ommsebröd)

5427
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 25. Sta nei porsjonane skü ikkje vera like store, mannfolk trong noke meir minke dei – sërleg naar dei var på tung=arbeid. Kvinnfolka trong noko mindre enn menn, rekna dei med.

Sp. 26. Det var saa ymist med storleiken til borna i dette höve. Til vanleg fekk dei forsyna seg sjölv i 9–10 aars alderen og kanske för sume stader. Det var mora eller ogsaa eldre sysken, som hjelptes til. Det kunde nok og, at tenarar gjorde det. I vaare dagar faar borna eta sjölv i mykje tidlegare alder enn i farne tider.

Sp. 27. Det var noksaa vanleg å byggja maten til smaaborn.

Sp. 28. Det var nok udrmast merke paa gütlöysa, dersom dei ikkje las for maten. Vanlegst var det lese. Det var noko ymse med å lesa högt eller stille – vanlegst var det stille bordbön. I Haugianar=heimane var det ofte lese högt – ofte av husfaren. Ellest mykje ein av borna eller alle i kor (borna).
Det er heldigvis ikkje slutt paa denne skikken, men det er mykje meir vanleg naa ikkje til å lesa för og etter maten enn det var i gamle tid. Foreldre, heimar med born held dei helst skikken oppe. Det var ikkje heller noko omsyn til framande m.u.t. dette av folk, som held güdsfrykt for ei folkeleikke.

Sp. 29. Borna skü ikkje snakke ved bordet. Dei vaksne snakka nok av og til. Men det var helst husbonden som förde ordet.

5427

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 30. Ja det var helst lite god oppförsel å skorte ved bordet. Ordtak: „Mannen visste ikkje at kjerringa var galen før hu sang ved bordet.“ ordtaket gjeld spörsmaal 31

Sp. 32 Ja det var uskikk å gå frå bordet før alle var ferdige.

Sp. 33. Sume stader sa dei takk for maten andre stader ikkje. Soleis er det ogå nå. Det vert helst rekna til bunamora.

Sp. 34. „Signe maten“ „Velbekomne“ undtaksvis „Signe aat.“

Sp. 35. Den framande skulle helst ha mat og vart bedt til bords, dersom ein tykte at maten var saa pass.

Sp. 36. Ja mat skulde han vanligvis ha. Slik er det helst framleides med undantak av sentrumsplassene.

Sp. 37. Han skulle helst ha noko ekstra frakkem. vafler, krumkaker og lefser, um dei hadde. Stundom kaffedoktor, dersom det var sers velkomne gjester (kaffedokter var brennevin i kaffien)

Sp. 38. Ikkje alltid, men som vanlegast. Nei kjelen stod ikkje på heile dagen. Gamleskikken vert helst halden paa med undantak av sentrumsplassene.

Sp. 39. Nei ikkje på kjøkenet i gamall tid det var nærast vandra. Men naa gaar det an, dersom det ikkje er stor-framande. Nei gjesten skal ikkje eta aaleine hjaa folk, som har litt skikk paa tingene. Husbonden eller husmora i vaare dagar held gjesten med selskap. Det er helst folk, som ikkje følgjer med tida, som let gjesten sitja aaleine til bords.

5427
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 40. Det vart meir og meir slutt med aa trygla gjesten om å eta, naar han er sessa til bords. Det var meir vanleg i gamall tids-taa maatte dei gjera det. Naa kan dei berre nemna det ein gang eller saa aa rekka burt eit fat med det beste.

Sp. 41. Om saa er at gjesten set åleine til bords maa der alltid vera ein av husfolket i stova. Men det er ikkje eller har vore det ein veit noko regel for kor han skal sitja i stova.

5427
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING